

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/2113-2

Søknad om endring av trase for NX 170 - Sogn og Fjordane ekspressen

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Søknaden frå Nettbuss Sør, Region Sogn og Fjordane og Firda Billag Buss om å endre trasé når ny parsell Ørgenvika - Sokna opnar i juni 2014 vert imøtekomen.

Vedlegg: Inngåande brev frå Nettbuss av 20.02.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved: Saksframlegg frå Buskerud fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Medio juni 2014 opnar ny vegtrasé mellom Ørgenvika og Sokna. Nettbuss Sør AS og Firda Billag Buss AS søker i brev av 20.2.2014 om å endre trasé på NX 170- Sogn og Fjordane ekspressen frå den dagen vegen opnar.

2. Ruteopplegget

NX 170 - Sogn og Fjordane ekspressen køyrer i dag tre daglege avgangar mellom Førde og Oslo. Dagrutene går via Drammen, medan nattrutta køyrer via Hønefoss og Gardermoen. Med dagens ruteopplegget brukar ruta 9 timar på ein avgang mellom Førde og Oslo.

I søknaden frå Firda Billag Buss og Nettbuss Sør står det at dei ønskjer å endre trasé på deler av NX 170 - Sogn og Fjordane ekspressen, slik at den skal køyre via Sokna og ikkje via Drammen som i dag. Dette vil medføre redusert reisetid mellom Sogn og Oslo på mellom 30 og 40 minutt, og billaga meiner det vil styrke tilbodet mot Oslo.

Avgangane frå Førde kl. 09.30 og kl. 12.30 og avgangen frå Oslo kl. 09.10 skal køyre den nye traséen. Denne endringa medfører at Noresund, Hamremoen, Vikersund, Drammen og Asker fell vekk på desse avgangane. Dei ønskjer å kunne ta med/setje av passasjerar på Sokna og Hønefoss. På avgangen kl. 14.40 frå Oslo køyrer ruta inn om Asker, Drammen, Vikersund, Hamremoen og Noresund. Selskapa vil framleis oppretthalde Sandvika som stoppestad. På nattbussen fell Noresund og Hamremoen vekk som stoppestad.

Andre opplysningar

Søknaden frå Firda Billag Buss vart sendt på høyring til Buskerud fylkeskommune. I saksframstillinga til hovudutvalget for samferdselssektoren skriv samferdslesjefen i Buskerud fylkeskommune at dei er innstilt på at dei bør akseptere endringsforslaget sidan marknaden vert endra når Sokna - Ørgenvika opnar, og at rutene vert drivne kommersielt for løyvehavar si eigen rekning og risiko. Saka vert lagt fram for hovudutvalget i Buskerud fylkeskommune 10.4. med følgjande forslag til vedtak:

1. *Saken tas til orientering.*
2. *Hovudutvalget har ingen merknader til forslaget om endringer i trasé og stoppmønster på Sogn og Fjordane ekspressen fra juni 2014 når ny parsell Rv 7 Sokna - Ørgenvika åpner.*

3. Vurderingar og konsekvensar

Alle rutene mellom Førde og Oslo er kommersielle ruter.

Rutetidene vil bli justerte slik at det ikkje vert endringar her i fylket i høve dagens tabell. Alle korrespondansar her i fylket vert oppretthaldne, men det er uheldig for reisande som skal til Drammen og Asker at det kun er avgangen frå Oslo kl. 14.40 som går inn om. Ruta køyrer inn om Sandvika på alle avgangane. For reisande frå/til Vestlandet vil ruta vere 30 min før i Sandvika ved å nytte den nye parsellen. Mellom Sandvika og Drammen går det mange avgangar med toget. Legg vi til grunn dagens togtabell, kan reisande vere i Drammen ca. 40 min seinare enn med dagens bussruter.

Andre opplysningar

I Yrkestransportforskriften § 28 står det at *Ruteplan må være godkjent av løyvemyndigheten. Forslag om endring av ruteplan sendes løyvemyndigheten senest 4 måneder før endringen skal tre i kraft.*

Løyvemyndigheten kan reduser tidsfristen etter første ledd og kan bestemme at endring kan settes i verk på kortere tid eller at iverksettelsen skal utsettes. Løyvemyndigheten kan vidare gi pålegg om endring av ruteplan.

Departementet fastsetter nærmere retningslinjer for hva ruteplan for persontransport skal angi og hvordan disse skal offentliggjøres.

Søknaden er registrert inn hjå oss 22.02.14, noko som er for seint i høve opninga av parsellen i midten av juni og fire månaders fristen.

I det nye ruteheftet gjeldande frå 1. mai 2014 er den nye tabellen skriven inn. For perioden 1.5.14 til vegopninga, må dei reisande sjå i det gamle ruteheftet.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner det er uheldig at selskapa ikkje overheld fire månaders fristen og at dei i tillegg gjere endringar i ruteheftet før endringa er kjent for fylkeskommunen.

Det vil vere forvirrande for dei reisande dersom NX 170 - Sogn og Fjordane ekspressen skal køyre etter gammalt mønster når ny parsell opnar og dette står annonsert i ruteheftet.

Fylkesdirektøren ser det som naturleg at ruter endrar køyremønster når det opnar nye parsellar som kortar ned reisetida. Ekspressbussrutene konkurrerer med fly, og då kan kortare reisetid med buss vere med å påverke dei reisande si avgjerd om dei vel buss framfor fly.